

Torgrim åleine denne gongen

29.03.2012

Torgrim Øyre og Asbjørn Slettemark er to av landets dyktigaste musikk-journalistar og DJ-ar og begge er kvinnheringer. Dei hadde knallsuksess på heimebane i jula då dei utfalda seg i låven på Dønhaug, men under påskefesten om vel ei veke stillar Torgrim opp åleine og difor skal vi presentera han litt ekstra her- Kven er han eigentleg?



Han vart fødd i 1977 og er altså 35 år gammal.

I avis-arkiva dukkar han opp første gongen som 12-åring i 1989 og då som deltakar i Kvinnheradløpet! Men snart var han på plass i den rolla som skulle fylle livet hans.

I første fase var det som black-metal-musikar.

I tiårsbolken frå 1991 til 2001 var han vokalist og tildels også gitarist i bandet Malignant Eternal. Han spela også bassgitar i 1998 og 1999, men det var i Obtained Enslavement.

Og som ikkje det var nok var han sesongbassist i 1998 i det kjente bandet Gorgoroth. Han grunnla black metal-festivalen Hole in the sky.

Torgrim er etter å ha skrive i Plan8 og Natt&Dag musikk-journalist og musikkansvarleg i Dagbladet og nøler ikkje med å karakterisera prestasjonane som fortent. Som platesnurrar har han vore innom mange festivalar, til dømes Quart og Oslo Live, men sjølv sagt også Festidalen som han gjerne går i front for i marknadsføringa. Som DJ 'på si' får han tilfredsstilt noko av behovet for framleis å spela for publikum.

Blir det ein ny suksesskveld på Dønhaug?

Av Ola Matti Mathisen